
Fra: Ordfører Lindås
Sendt: 30. august 2017 12:05
Til: Sissel-Anny; Postmottak Lindås; Øyvind Stang
Emne: SV: Kulturminne i Seim og møte med Lindås kommune

Hei

Eg vert gjerne med på eit møte, så berre gje melding når fylket kjem med forslag til møtedag.

Beste helsing
Astrid

Fra: Sissel-Anny [<mailto:sahjelm@online.no>]
Sendt: 30. august 2017 12:03
Til: Postmottak Lindås; Ordfører Lindås; Øyvind Stang
Emne: VS: Kulturminne i Seim og møte med Lindås kommune

Hei

Sjå korrespondanse under med Inger Lena Gåsemyr på kulturavdelinga i Hordaland fylkeskommune og vedlegga over.

Eg vonar me kan få til eit konstruktivt møte i lag. Har etter kontakt med henne og andre på kulturavdelinga tidleg i vinter/vår, venta på svar. Serleg ut frå presserande behov på den gamle kyrkjegarden.

Om eg forstod ordfører Astrid rett for nokre månader sidan, så arbeider de no med ny kulturminneplan for Lindås og det var viktig å koma med innspel.

Eg vil også søkja om midlar til å få laga ein foldar/brosjyre om postvegen Isdalstø-Nese til Hundvin. Den vil innehalda oppdatert detaljkart, omtale og historiar. Sender inn søknad når eg har fått pris frå trykkeri.

Venleg helsing
Sissel-Anny Hjelmtveit
mob 977 61 037

Fra: Inger Lena Gåsemyr [<mailto:Inger.Lena.Gasemyr@hfk.no>]
Sendt: 29. august 2017 12:22
Til: sahjelm@online.no
Kopi: David J Aasen Sandved; Moldung, Hanne Merete
Emne: VS: Kulturminne i Seim og møte med Lindås kommune

Hei Sissel-Anny,

Tusen takk for eposten. Eg har lagt Hanne Merete Moldung hjå Riksantikvaren i kopi, då ho har forvaltingsansvar for kyrkjegarden frå mellomalderen. Eg kjem snarleg attende med svar om Fylkeskonservatoren kan stille på møte med Lindås kommune.

Helsing

Inger Lena Gåsemyr
Seniorrådgjevar - Fagkoordinator kulturminnevern 1
Fylkeskonservatoren | Kultur- og idrettsavdelinga



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 55 23 91 79 | www.hordaland.no

Fra: Sissel-Anny [<mailto:sahjelm@online.no>]

Sendt: 28. august 2017 12:10

Til: Inger Lena Gåsemyr <Inger.Lena.Gasemyr@hfk.no>; ordforar@lindas.kommune.no

Emne: Kulturminne i Seim og møte med Lindås kommune

Hei

Kan du vera med på eit møte med ordførar og kulturetaten i Lindås kommune om kulturminne i Seim, som

- kongsgarden i Seim, ei unik historie i Nordhordland
- den gamle kyrkja og kyrkjegard midt i kongstunet
- Tora Mosterstong – Vatne
- Den Trondhjemske postvei
- Håkonshaugen

Det hastar, og eg vil prøva koordinera eit møte. Kan du gje melding snarast om du kan, vil og ev. kva tid?

Vedlegga er stikkord og innspel til dette.

Venleg helsing
Sissel-Anny Hjelmtveit